



Sigve Eldøy  
Lyngnesvegen 6  
5917 ROSSLAND

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/171 - 17/12157

Saksbehandlar:  
Marius Flemmen Knudsen  
marius.knudsen@meland.kommune.no

15.06.2017

## Fellingsløyve for hjort 2017

Vedlagt følger fellingsløyve for dykkar vald i 2017 i Meland kommune.

Utval for drift og utvikling har i møte den 06.06.2017 (sak 56/2016) fastsett fellingskvoten til 133 dyr for 2017 (sjå vedlegg). Statistikken frå jakt dei siste 12 åra og vårteljinga har tidlegare vist teikn på reduksjon i stammen. Men resultatata frå 2016 og vår teljinga viser teikn på stabilisering. Kommunen har difor lagt seg på same nivå som i 2016 ved tildeling av fellingsløyver for 2017. Jakta må gå føre seg i tidsrommet 01.09 - 23.12 2017. Kommunen vil påpeke og minne om at det ved jakta i år skal prioriterast å skyte unge dyr, for å få fleire eldre produksjonsdyr i bestanden.

Ein vil minne om, at etter viltlova må jegerane som ikkje sjølv har ettersøkshund, ha skrifteleg ettersøksavtale med godkjent ettersøkshund/ettersøksekipase før jakta tek til. Nordhordland jakt og fiskarlag si ettersøksgruppe, Vilttelefonen og Norhordland ettersøkslag gjev tilbod til jegerar( sjå vedlegg). Ein minner samstundes om jegerane si ettersøksplikt etter påskutt hjortevilt etter viltlova. Etter endring av viltlova i 2014 kan ein no nytta kunstig lys på ettersøk etter påskutt hjortevilt. Viser til tidligare informasjonen om dette. Men ein vil minne om det skal varslast der som ein skal nytta kunstig lys før ettersøket starter (sjå vedlegg.) Varsling skal skje til jaktrettighetshaver, kommune og politi, samtlege skal varslast. Dette gjeld også om ein nyttar andre, eksempelvis vilttelefonen eller Nordhordland ettersøkslag. Kommunen kan varslast ved å sende ein sms eller e- post til underteikna på 97 51 10 80 eller [marius.knudsen@meland.kommune.no](mailto:marius.knudsen@meland.kommune.no)

Under jakta skal jeger ha med gyldig jegeravgiftskort, våpenkort, godkjent skyteprøve, og jeger/jaktlag må ha med dokumentasjon for godkjent ettersøkshund for hjort. Den som mot eller utan vederlag stiller jaktrett til rådighet for andre, pliktar å forvise seg om at jegeravgifta er betalt.

---

**Postadresse**

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

**Kontakt**

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

Kommunen kan under jakta utføre kontroll av jegeravgiftskort, våpenkort, godkjent skytterprøve, våpen og ammunisjon, felte dyr og dokumentasjon for godkjent ettersøkshund. Kommunen kan krevje at valdansvarleg, jaktleiar eller jeger gir melding om tilgang på godkjent ettersøkshund.

Alle jegarar skal fylle ut sett-hjort skjema (vedlagt). Jegerane leverer skjema til sine valdansvarlege som fører resultata over på eit skjema som sendast til kommunen innan 14 dagar etter att jakta er avslutta. I storvald skal jegerane sende skjema til jaktfeltleiaren som fører resultata over på eit skjema, og sende dette vidare til valdansvarleg. Valdansvarleg fører så resultata over på eit skjema og sender dette til kommunen **innan 14 dagar** etter att jakta er avslutta. Ein vil samstundes minne om at alle rubrikkar må fyllast ut for at skjema skal kunne registrerast på hjorteviltregisteret (sjå vedlagt informasjonsskriv).

Jaktleiar kan velje å registrere sett-hjort skjema for sitt jaktfelt på [www.settogskutt.no](http://www.settogskutt.no). Desse registreringane skal kvalitetssikrast av valdansvarleg før han/ho godkjenner alle data og dei vert importert til hjorteviltregisteret. Dette skal også rapporterast til kommunen **innan 14 dagar** etter att jakta er avslutta.

Valdansvarleg sender inn fellingsresultatet. Fellingsresultatet skal fyllast ut på nedre del av vedlagt skjema; fellingsløyve og fellingsrapport. Heile skjemaet skal sendast inn til kommunen **innan 14 dagar** etter att jakta er avslutta.

Om rett til å klage på tildelte dyr, sjå vedlagt orientering (§ 27, tredje ledd i forvaltningslova).

Dersom noko er uklart eller de har spørsmål, ta kontakt med underteikna.

## Skitt jakt!

Med helsing

Marius Flemmen Knudsen  
skog- og miljøkonsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Vedlegg:**

Fellingsløyver 2017

Fastsetting av fellingskvote for hjort 2017 (L)(321514)

Giro med avtale til vilttelefonen

Giro til Nordhordland ettersøkslag

Informasjon om bruk av kunstig lys på ettersøk av påskutt hjortevilt

Sett-hjort skjema

Informasjonsskriv om utfylling av sett hjort

Melding om enkeltvedtak og om rett til å klage over forvaltingvedtak

**Mottakere:**

Helge Husebø	Kårbø 9	5917	ROSSLAND
Jan Audun Sagstad	Indre Sagstad 47	5918	FREKHAUG
Roar Sudmann	Hjelten 16	5918	FREKHAUG
Sigve Eldøy	Lyngnesvegen 6	5917	ROSSLAND
Steinar Sunnhordvik	Ådlandsvegen 333	5918	FREKHAUG
Terje Erstad	Melandsvegen 260	5918	FREKHAUG
Terje Hilland	Skarpenesvegen	5918	FREKHAUG
	120		
Tor Husebø	Øvredalsvegen 64	5918	FREKHAUG